



## Møtebok

Sak nr 11/2008

Møtedato: 30.1.08

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: 351.47

### Søknad om trening med fuglehund

Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland søker med dette om løyve til vintertrening for fuglehundar i statsallmenningen helga den 9-10. februar. Det er ynskje om rimeleg eller gratis leige sidan dette er eit gratis tilbod om instruksjon til fuglejegeerane.

I følgje hundeloven § 8 kan jakthundtrening, jakthundprøver og dressur berre skje med samtykke av grunneigaren eller den som har en allmenn bruksrett til eigedom. For statsallmenningane gir fjellstyret samtykke.

### Vedtak:

Fjellstyret godkjenner søknaden på følgjande vilkår:

1.Dato: 9. og 10. februar 2008.

2.Areal: Vestre Slidre statsallmenning.

3.Slepp: Kun 2 hundar lause på same tid.

4.Retur: Deltakarane skal følgje partiet under instruksjonen. det tillate at ei gruppe kan forlate partiet dersom ein representant frå klubben følgjer dei tilbake til parkeringsplassen. Retur langs veg blir rekna på lik line med retur i terrenget.

5.Rapport: Klubben pliktar å sende inn rapport til fjellstyret fyrst måndag etter prøva.

6.Pris: Gratis

7.Klubben pliktar å orientera distriktsveterinæren om jaktprøva etter gjeldande lovverk.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.1.08

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Norsk Engelsksetter Klubb v/distriktskontakt Herdis Unneland